



## Informasjon til føresette og ungdommar om ungdataundersøkinga i Bjørnafjorden kommune 2021

I 2021 blir ungdataundersøkinga gjennomført i Bjørnafjorden kommune blant elevar i den vidaregåande skulen. For at undersøkinga skal gje eit godt bilete av situasjonen i Bjørnafjorden kommune, er det viktig at så mange som mogleg deltek. Undersøkinga går føre seg på skulen i løpet av veke 5 til 7.

### FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA

- Gje ungdommar som går på vidaregåande skule ei moglegheit til å fortelje lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å vekse opp i lokalmiljøet.
- Skaffe ny kunnskap om ungdommen sine oppvekstvilkår til bruk i kommunen og fylket sitt arbeid med denne aldersgruppa.
- Gjere det mogleg å samanlikne med andre kommunar og nasjonale tal, og bidra til forskning.

### KVA VI SPØR OM I UNGDATA?

- Forhold til skulen, venner og foreldre
- Fritid og fritidsaktivitetar
- Helse, trivsel og livskvalitet
- Mobbing
- Seksualitet
- Regelbrot, vald og rusmiddelbruk
- Utdanningsnivået, den økonomiske situasjonen, landbakgrunnen og busituasjonen til foreldra

Du kan få tilsendt det fullstendige spørjeskjemaet ved å kontakte regionalt kompetansesenter på rusfeltet (KoRus).

### KORLEIS BLIR UNGDATA GJENNOMFØRT?

- Det er sett av éin skuletime til å svare på undersøkinga.
- Undersøkinga blir gjennomført elektronisk ved at ein loggar seg inn på svarsida til Ungdata med ein tilfeldig eingongskode.

### DET ER FRIVILLIG Å DELTA

- Undersøkinga er frivillig.
- Dei som svarer, kan hoppe over spørsmål dei ikkje ønskjer å svare på, og kan slutte å svare undervegs, dersom dei ønskjer det.
- Føresette kan reservere seg mot at barna deira skal delta ved å gje melding til kontaktlæraren/skulen.

### OM PERSONVERN

- Deltakarane sine svar vil bli behandla konfidensielt. Det vil seie at berre forskarar og rådgjevarar i prosjektet og firmaet som registrerer dei elektroniske svara, vil få tilgang til svara.
- Det vil ikkje vere mogleg å kjenne att nokon som har svart når resultatata frå undersøkinga blir offentleggjorde.
- Forskingsdata som inneheld moglege indirekte personopplysningar, vil bli oppbevarte på eit sikkert område fram til utgangen av 2025. Etter det vil alle opplysningane bli anonymiserte.
- Ungdataundersøkinga er godkjend av personvernombudet ved OsloMet (personverombudet@oslomet.no).
- Datasetset vil ikkje innehalde direkte personopplysningar, og det vil difor heller ikkje vere mogleg å få ein deltakar sine data retta eller sletta i etterkant av undersøkinga.
- NOVA behandlar opplysningane basert på samtykke frå deltakarane.

### BEREDSKAP

Skulehelsetenesta vil ha beredskap etter undersøkinga for elevar som måtte trenge det.

### ANSVARLIG FOR UNDERSØKELSEN

Undersøkinga blir gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet og KoRus vest Bergen, på oppdrag fra Vestland fylkeskommune.

### KONTAKTINFORMASJON

#### Ungdatakoordinator:

Mie Dahl Pind  
rådgjevar  
Tlf: 45 11 82 31  
mie.dahl.pind@vlfk.no

#### Kontaktperson ved KoRus:

Kristian Hartveit  
spesialrådgjevar, KoRus vest Bergen  
Tlf: 99 22 58 88  
hartkr@helse-bergen.no